

Situasjonar: «Kva kan ein alliert gjere?»

De står i kø på apoteket. Dama framfor seier høgt: «Eg vil ikkje bli ekspedert av ein utlending.»
Folk rundt ser ned i golvet.

I klasserommet hermar nokon aksenten til ein medelev.
Fleire ler. Medeleven blir stille.

På bussen stirrar to ungdommar stygt og kviskrar når ei jente snakkar morsmålet sitt med mora si.
De sit rett bak.

I gruppa di seier nokon: «Du kan sikkert ta denne delen, folk frå ditt land er jo så flinke i matte.»
Medeleven smiler usikkert.

Du ser på TikTok saman med ein venn som er frå same land som influensaren, de ser kommentarane:
«Gå heim til landet ditt.» «Stem FRP!»

Ein lærar seier i timen: «Kan du forklare for oss korleis det er i landet ditt?»
Eleven ser stressa ut.

På fest seier nokon: «Sei noko på språket ditt, det høyrest så morosamt ut!»
Folk ventar og ler.

På butikken ser du ein vekter følge ekstra nøye med på ein ungdom med mørk hud.
Ungdomen merkar det.

I klasserådet seier ein elev:
«Vi treng ikkje snakke meir om rasisme. Folk må berre tole litt.»

Ein medelev fortel at nokon har kalla han «brunost» på Snapchat.
Han ler det vekk, men verkar lei seg.

I sentrum høyrer de ein vaksen rope til ein ungdom:
«Dette er Noreg, snakk norsk!»

Ein medelev seier:
«Eg meiner det ikkje vondt, men de blir så lett krenka.»

I vennegjengen blir det vanleg å kalle ein medelev «terroristen» som kallenamn.
Han protesterer ikkje lenger.

Ein medelev fortel: «Eg har søkt ti sommarjobbar, men får aldri svar. Vennen min med norsk namn fekk jobb med ein gong.» Han ler, men verkar oppgitt.

I samfunnsfag seier ein elev: «Innvandring øydelegg Noreg.»
Så snur han seg mot ein medelev og legg til: «Men du er grei, det er ikkje deg eg meiner.»

I kantina seier ein elev: «Vi burde eigentleg ta inn færre innvandrarakar.»
Den einaste med minoritetsbakgrunn ved bordet blir stille.

Ein medelev viser deg ei overskrift: «Norsk fotballspelar scora årets mål!»
Han seier: «Rart at dei alltid er norske når dei er flinke, men utlending når dei bryt lova.»

I ein diskusjon seier ein elev: «Eg har ingenting imot innvandrarakar, men ...»
Så kjem ei lang liste med negative påstandar.
